


Konsesjonssøknad for Akslandselva kraftverk, Etne kommune i Hordaland fylke



NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

02.02.2010

Søknad om konsesjon for bygging av Akslandselva kraftverk

Akslandselva Kraftverk AS ønskjer å nytte delar av fallet i Akslandselva i Etne kommune, og søker med dette om løyve til følgjande utbygging:

1. Etter lov om vassdrag og grunnvatn, jf. §8, om løyve til:

- å byggje Akslandselva kraftstasjon

2. Etter energilova, om løyve til:

- bygging og drift av Akslandselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden

Naudsynte opplysningar om tiltaket kjem fram av vedlagde utredningar. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Det er inngått avtalar med alle grunneigarane med fallrettar om fall-leige og andre rettar med omsyn på ei realisering av prosjektet.

Med venleg helsing

Akslandselva Kraftverk AS

Sture A. Karlsen
Dagleg leiar

Samandrag

Akslandselva i Etne kommune, Hordaland fylke, skal nyttast til kraftproduksjon ved bygging av Akslandselva kraftstasjon. Akslandselva renn ut i Skåneviksfjorden i Etne kommune.

Alle planlagde tekniske inngrep i samband med denne utbygginga vert i Etne kommune.

Utbygginga vert presentert i to alternativ.

- Alt. 1. Med overføring av Buhillersvatnet frå Akslandssida
- Alt. 2. Utan overføring av Buhillersvatnet frå Akslandssida

Akslandselva Kraftverk vil nytte avløpet frå eit felt på 5,91 km² / 4,78 km² hhv. alt. 1 og alt. 2 i eit 325 meter høgt fall i Akslandselva mellom kote 340 og kote 15.

Hovuddata for utbygginga (data for alt. 2 i parentes):

Fylke	Kommune	Gnr/Bnr	
Hordaland	Etne	143/2, 144/1	
Elv	Nedbørsfelt, km ²	Inntak kote, moh	Utløp kote, moh
Akslandselva	5,91/(4,78)	340	15
Slukeevne maks, m ³ /s	Slukeevne min, m ³ /s	Installert effekt, MW	Produksjon pr. år, GWH
0,82/(0,67)	0,047/(0,038)	2,1/(1,7)	7,5/(6,1)
Utbyggingspris, NOK/kWh		Utbyggingskostnad, mill. NOK	
2,84/(2,81)		21,4/(17,0)	

Prosjektet det vert søkt om er relativt lite konfliktfylt. Det fins ingen merka turstiar i området, og det vert ikkje nytta til rekreasjon. Elva er lite synleg i landskapsbiletet på grunn av djupe kløfter og mykje vegetasjon.

Som gyte- og oppvekstområde for anadrom laksefisk klassifiserast elva som uvesentleg, men elva har ein stamme av bekkeare. Minst to par fossefall hekkar i tilknytning til elva. Elles finnest det førekomstar av raudlista artar som kvitryggspett og gråspett i skogsområdene ved elva. Då ei utbygging kan ha negative verknader for desse artane, er det lagt til grunn eit slepp av minstevassføring som svarar til alminneleg lågvassføring for å betre tilhøva og for å oppretthalde stamma med bekkeare i elva.

I kulturlandskapet ved dei nedre delane av elva er det to område med naturbeitemark som har stor verdi. Her er det registrert fleire raudlista beitemarkssoppar. Veg- og røyrtraseane gjennom området vil bli forsøkt plassert slik at dei i minst mogleg grad rører ved naturbeitemarkene.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Om Akslandselva Kraftverk AS	5
1.2	Grunngjeving for utbygginga	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	6
1.4	Dagens situasjon og eksisterande inngrep	6
1.5	Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggande vassdrag	7
2	Skildring av tiltaket	8
2.1	Hovuddata	8
2.2	Teknisk plan for alternativet det vert søkt om.....	9
2.3	Kostnadsoverslag	14
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	14
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	15
2.6	Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar.....	15
2.7	Alternative utbyggingsløysningar	16
3	Verknader for miljø, naturressursar og samfunn	17
3.1	Hydrologi (verknader av utbygginga).....	17
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	17
3.3	Grunnvatn, flom og erosjon.....	17
3.4	Biologisk mangfald	19
3.5	Fisk og ferskvassbiologi.....	20
3.6	Flora og fauna	20
3.7	Landskap	21
3.8	Kulturminne.....	21
3.9	Landbruk.....	21
3.10	Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser	22
3.11	Brukarinteresser	22
3.12	Samiske interesser	22
3.13	Reindrift	22
3.14	Samfunnsmessige verknader	22
3.15	Konsekvensar av kraftlinjer	22
3.16	Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr	22
3.17	Konsekvensar av eventuelle alternative løysningar for utbygging.....	23
4	Avbøtande tiltak.....	23
5	Referansar og grunnlagsdata.....	25
6	Vedleggsoversikt til søknaden.....	26

1 Innleiing

1.1 Om Akslandselva Kraftverk AS

Tiltakshavar for Akslandselva kraftverk er Akslandselva Kraftverk AS, heretter omtala som AK. AK er eit nystifta selskap som har til formål å arbeide med bygging og drift av kraftverk i Akslandselva i Etne kommune. Selskapet er eigd av Sunnhordland Kraftlag (54,4 %), grunneigar Alf-Werner Hjelmervik (24,5 %) og Skånevik Ølen Kraftlag (21,1 %).

Sunnhordland Kraftlag AS

Sunnhordland Kraftlag AS, SKL, er eit almennyttig aksjeselskap som har til føremål å kjøpe og nytte kraftkjelder, og å byggje kraftanlegg og overføringsanlegg. SKL er eigd av kommunar og kraftlag i Hordaland og Nord-Rogaland. 76 % av aksjane er i offentleg eige direkte. Resten av aksjane er eigde av lokale kraftlag, organiserte som partseigarlag (samyrgelag).

SKL driv 9 sjølveigde kraftverk i Kvinnherad, Fusa og Stord kommune. I tillegg er kraftlaget medeigar i Sima kraftanlegg i Eidfjord kommune med ein eigardel på 8,75 %. Total middels årsproduksjon er om lag 1625 GWh, med ei samla yting på 336 MW. Selskapet har hovudkontor på Leirvik i Stord.

Alf-Werner Hjelmervik

Alf-Werner Hjelmervik er fødd og oppvaksen på garden Hjelmervik. Garden er på om lag 900 mål, der 95 mål er dyrka mark, medan om lag 40 mål er innmarksbeite. Resten er utmark og lite drivverdig skog. Garden har vore i same ætt sidan 1500-talet, og Alf-Werner tok over drifta i 1973. Gardsdrifta har vore mjølkeproduksjon, i tillegg til storfekjøtt og sau. Turisme og utleige av storviltjakt har også vore ein del av inntektsgrunnlaget. I slutten av 2005 blei mjølkekvota selt, slik at garden i dag berre produserer storfekjøtt. Alf-Werner Hjelmervik arbeidar i tillegg som røyrleggjar.

Skånevik Ølen Kraftlag


Skånevik Ølen Kraftlag, SØK, er eit almennyttig partslag med skiftande medlemstal og kapital med avgrensa ansvar. Alle som har fast eigedom og er registrerte i Folkeregisteret med fast bustadadresse innan partslaget sitt forsyningsområde, og alle selskap som ifølgje Føretaksregisteret har hovudkontor innan partslaget sitt forsyningsområde og som ynskjer tilkopling til laget sitt nett, må verte medlem av laget. SØK har i dag 14 tilsette fordelt på 12,7 årsverk, og omsette i 2005 for om lag 45 mill. kroner. Hovudaktiviteten til laget er å byggje og drive distribusjonsnett inntil 24 kV. I tillegg driv SØK med kraftomsetjing. SØK sitt forsyningsområde er Skånevik – Åkrafjorden i Etne kommune, og gamle Ølen kommune (no ein del av Vindafjord kommune).

1.2 Grunngeving for utbygginga

SKL, SØK og dei aktuelle grunneigarane i Akslandselva i Etne kommune, Hordaland fylke har inngått ein samarbeidsavtale om utbygging og drifting av eit fall i nedre del av Akslandselva. Avtalen inneber at grunneigarane gjev AK rett til bygging og drift av det planlagde kraftverket som nyttar fallet mellom kote 340 og kote 15.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Prosjektområdet for Akslandselva kraftverk er lokalisert til Aksland, Etne kommune i Hordaland. Akslandselva munnar ut ved Aksland på austsida av Skåneviksfjorden. Aksland ligg ca. 5 km frå bygda Skånevik. Kartreferanse for prosjektområdet er kartserie M711-kart med målestokk 1:50000. Kartet Etne, blad 1214 II.



Figur 1. Prosjektområdet for Akslandselva Kraftverk (blå sirkel) i Akslandsvassdraget (oransje området)

1.4 Dagens situasjon og eksisterende inngrep

Akslandselva har ein vestvendt akse med eit totalt nedbørsfelt på 6,80 km², og strekker seg om lag 4 km innover i landskapet frå utløpet i Skåneviksfjorden. Akslandselva har sitt opphav frå Plomlivatnet og Buhillersvatnet som står for tilførsel av dei største vassmengdene, men det drenerer og ei rekke mindre bekkar til elva gjennom heile vassstrengen. Bortsett frå noko spreidd busetnad langs fylkesveg 34 er det ikkje noko anna busetnad i tiltaksområdet. Fylkesvegen kryssar Akslandselva over ei bru om lag 100 meter frå elveosen. Med unntak av området like omkring brua, der ein ser elva om lag 150 meter oppstrøms, er ikkje Akslandselva synleg frå vegen.

Elva renn i eit bratt og dels utilgjengeleg juv der begge dalsidene er skogkledde med bjørkeskog, med unntak av nokre parti med brattberg i dei øvste delane av dalen. Det er ingen reguleringar i vassdraget i dag.

Det går i dag ei 22 kV kraftlinje som ligg om lag 150 meter aust for den planlagde stasjonsplasseringa til Bjørkjenes i Etnefjorden.

Elles er det tidlegare bygd ein traktorveg opp til om lag kote 70. Vegen er godkjent forlenga opp til ca. kote 125, men denne utbygginga er enno ikkje fullført.

1.5 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggande vassdrag

Akslandselva er ei av i alt 8 større og mindre vassdrag mellom Notanes og Skånevik, ei strekke på om lag 10 km.

Akslandselva skil seg lite ut i høve til dei andre vassdraga, men den har naturlegvis noko høgare vassføring og er nok den "største" av desse elvane som vert påpeika her. Fellesnemnaren for desse elvane er at alle er lite synlege i terrenget, har mykje "overhengande" skog og veldig varierende vassføring (rask avrenning). Det er ikkje gjort studiar av det biologiske mangfaldet til dei andre elvane, men ein har ingen indikasjon på at det skulle vera grunn til særleg stor skilnad mellom dei forskjellige elvane.

Etter samtale med Haldor Ebne, son av grunneigar og fallrettseigar i Ebneelva, vart det avklara at det i si tid vart avmerka i reguleringsplanen i kommunen ei mogleg plassering av ein kraftstasjon ved den lågaste delen av Ebneelva, som er lokalisert om lag 2 km sørvest for Akslandselva. Det er per i dag ikkje noko konkret plan om utbygging der, og grunneigar av det nedste området har så vidt begynt å sjå på eit mogleg prosjekt. Det er her tale om ein installasjon på ikkje meir enn 100 kW, med eit mogleg inntak nært kote 96.

2 Skildring av tiltaket

Det vert teke atterhald om justeringar i storleikane for røyr diameter, installasjon og driftsvassføringar etter at leverings- og tilbuds kontraktar er inngått. Trasé for vassveg vil verte nærare beskrive i kapittel 2.2 under vassveg. Endeleg trasé for driftsvassveg vil verte avgjort under utarbeiding av detaljplanen.

2.1 Hovuddata

Akslandselva kraftverk – hovuddata						
		Aks-lands-elva	Bekk Lauvvik-vatnet	Bekk Buhillers-vatnet	Hovud-alternativ	Alternativ 2 (utan vatn frå Buhillers-vatnet)
TILSIG						
Nedbørfelt	[km ²]	3,86	0,91	1,14	5,91	4,77
Årleg tilsig til inntaket	[mill.m ³]	9,8	2,3	2,8	14,9	12,1
Spesifikk avrenning	[l/s*km ²]	80	79	80	80	80
Middelvassføring	[m ³ /s]	0,31	0,07	0,09	0,47	0,38
Alminneleg lågvassføring	[m ³ /s]	0,015	0,004	0,005	0,024	0,019
5-persentil sommar (1/5-30/9)	[l/s]	24	6	6	36	30
5-persentil vinter (1/10-30/4)	[l/s]	18	3	3	24	15
KRAFTVERK						
Inntak	[moh.]	340	385	360	340	340
Utløp	[moh.]				15	15
Lengde på rørt elvestrekning	[m]	1275	200	475	1950	1475
Brutto fallhøgde	[m]				325	325
Middels energiekvivalent	[kWh/m ³]				0,71	0,71
Slukeevne, maksimum	[m ³ /s]				0,82	0,67
Slukeevne, minimum	[m ³ /s]				0,047	0,038
Tilløpsrøyr, diameter	[mm]	600	300	400	700	600
Tunnel, tverrsnitt	[m ²]				-	-
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	[m]	1270	200	630	2100	1470
Installert effekt, maksimum	[MW]				2,1	1,7
Brukstid	[timar]				3589	3589
MAGASIN						
Magasinvolum	[mill. m ³]				-	-
HRV	[moh.]				340	340
LRV	[moh.]				340	340
PRODUKSJON						
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	[GWh]	2,55	0,62	0,77	3,94	3,17
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	[GWh]	2,32	0,57	0,71	3,60	2,89
Produksjon, årleg middel	[GWh]	4,88	1,18	1,48	7,54	6,06
ØKONOMI						
Utbyggingskostnad	[mill.kr]				21,4	17,0
Relativ utbyggingspris	[kr/kWh]				2,84	2,81

Akslandselva kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	[MVA]	2,5
Spenning	[kV]	6,6
TRANSFORMATOR		
Yting	[MVA]	2,5
Omsetning	[kV/kV]	22
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengde	[km]	150
Nominell spenning	[kV]	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)
- Viser til vedlegg 4 for skisser av kraftstasjon

2.2 Teknisk plan for alternativet det vert søkt om

Hydrologi og tilsig

I berekningane for prosjektet er vassmerket VM 42.2 Djupevad i Kvinnherad nytta. Denne stasjonen er ifølgje NVE representativ for Akslandselva. Grunngevinga for dette er at vassmerket har ei plassering og ein karakter som er rimeleg lik den aktuelle elva. Alminneleg lågvassføring for VM 42.2 Djupevad er vurdert til å vera om lag 5 % av middelvassføringa. Det vil vera naturleg å leggje til grunn ei minstevassføring som er lik den alminnelege lågvassføringa, det vil seie ei minstevassføring på om lag 0,026 m³/s. NVE sine avrenningskart for perioden 1961-1990 er nytta som grunnlag for berekning av spesifikk avrenning for felta.

- Viser til vedlegg 1 for oversiktskart
- Viser til vedlegg 3 for varighetskurver
- Viser til vedlegg 10 for hydrologirapport

Inntak, overføringar og reguleringar

Tiltaket er planlagt utan reguleringsmagasin. Ein sidebekk som renn ut av Lauvvikvatnet vert overført til inntaksbasseng frå kote 385. Det vert laga ein liten sperredam anslått til om lag 1,5 meter høg og 3 meter brei. Det vert nedgrave eit om lag 200 meter langt 300 mm PE røyr, som føres ut i inntaksbassenget. Grøftetraseen vil i anleggsperioden ha ei vurdert breidde på om lag 4 meter. Kapasiteten på overføringa vil vera om lag 0,5 m³/s.

For overføring av Buhillersvatnet vil ein laga ein sperredam på kote 360 anslått til om lag 2 meter høg og 5 meter brei. Så langt det er mogleg vert det grave ned eit om lag 630 meter langt 400 mm PE røyr. Kapasiteten på denne overføringa er rekna til å bli om lag 1,5 m³/s. Det er foreløpig anslått at ca. 200 meter av røyret lyt klamrast til fjell i dei brattaste henga, og at dermed 430 meter vert nedgrave. Røyrsgata er planlagt å passere Akslandselva ved ca. kote 200. Elva tenkast passert ved at røyret kryssar over elva. Dette vurderast til å både vere den enklaste og mest skånsame måten å krysse elva på. Kryssinga vil ikkje vere synleg frå bygda. Sjølve grøftetraseen vil under anleggsarbeidet ha ei vurdert breidde på om lag 5 meter.

Hovudinntaket er tenkt plassert i Akslandselva ved kote 340. Høgda på dammen er varierende, men på det høyeste om lag 5 meter med ei kronelengde på om lag 10 meter. Overløpet er tenkt plassert om lag 1 meter under damkrona. Inntaksdammen vil få eit fast overløp på om lag kote 344. Dammen er planlagt som ein gravitasjonsdam av betong med fast overløp. Overløpet vil verte utforma slik at dei naturlege vassvariasjonane ikkje vil auka.

Det vil verte etablert eit inntak med rist og luke i dammen. Dammen vil på nedstraums side verte "plastra" med stein for å gli best mogleg inn i det omliggande terrenget. Forslag til klassifisering av dammen kjem fram av vedlegg "Klassifisering av dammar og trykkrør" som følgjer søknaden. Dimensjoneringar av inntaksmagasinet vil verte gjort i detaljeringsfasen.

Det er foreløpig vurdert at inntaksmagasinet vil ha ein kapasitet til å halde på om lag 250 m³ vatn. Det vil i den samanheng verta neddemt eit areal på om lag 40 m², for dei andre dammane vil det verta neddemt mindre areal, vurdert til 5-10 m². Det er lite behov for skogrydding i forbindelse med etablering av dammar, men ein tar likevel høgde for at det må totalt ryddast eit totalt samla areal på om lag 150 m².

Det er vurdert til at ein lyt sprengje seg nokre "nisjar" for etablering av hovudinntaket. For dei to mindre dammane er det vurdert til at det ikkje er behov for sprenging. Samla sett er det då snakk sprenging av om lag 40 m³ med massar.



Bilete 1. Overføring av bekk frå Lauvvikvatnet



Bilete 2. Inntak oppstraums




Bilete 3. Inntak nedstraums

- Viser til vedlegg 1 for oversiktskart
- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)

Røyrgate

Den planlagde røyrgata har til føresetnad å vera nedgrave i heile strekket og vil i stor grad følgje den naturlege terrengformasjonen , med ein overdekning på 0,5 – 1,0 meter. Sjølve traseen er vurdert til å ha ei breidde på om lag 10 meter under anleggsperioden, og vil vera om lag 1000 meter lang. Frå planlagt stasjonsplassering og dei første 150 metrane opp mot inntaket må terrenget planerast i røyrgatetraseen. I dei neste 650 metrane har terrenget jamt fall med antatt morenemassar i grøftetraseen. I dei neste 200 metrane er terrenget utfordrande, med ein del fjell i dagen, og tverrfall. Det må i desse 200 metrane sprengast ut ei ”hylle” i fjellet med plass til grøft, maskinar og transportreiskap. Breidda på hylla blir anslagsvis 5,0 – 6,0 meter. I dei siste 300 metrane av grøftetraseen er terrenget skrått, men godt framkommeleg. Det må for deler av traseen påreknast ein del skogshogst. Dette gjeld då i stor grad i dei øvste delane av tiltaket. Samla sett vert det totale behovet for skogrydding sett til eit areal tilsvarande 5000 m².



Bilete 4. Veg (oransje) og vassveg (blå) ned lia på Hjelmerviksida

- Viser til vedlegg 1 for oversiktskart
- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert liggjande i dagen med turbinsenter på om lag kote 17. Plasseringa av kraftstasjonen er om lag 30 meter søraust for brua. Stasjonen er tenkt plassert på austsida av Akslandselva. Det er forholdsvis flatt terreng der kraftstasjonen er tenkt plassert, så ytterligare sprenging vil såleis ikkje vera naudsynt. I stasjonen vert det plassert eit pelton-aggregat med effekt på om lag 2,1 MW. Aggregatet vil med ei brutto fallhøgde på 325 meter ha ei slukeevne på om lag 0,82 m³/s. Minste slukeevne vil ligge på om lag 0,047 m³/s. Generatoren vil få ei yting på om lag 2,5 MVA med antatt generatorspenning på 6,6 kV. Transformatorane får same yting og ein omsetning frå generatorspenning til 22 kV. Sjølve kraftstasjonen vil ha ei grunnflate på om lag 100 m² og skal utformast slik at den vert tilpassa terrenget og området generelt. Utløpet frå stasjonen vil ligge på ca. kote 15 og vil bli ført direkte ut i elva. Utløpet ligg om lag 150 m frå Akslandselvas utløp i fjorden.

- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)
- Viser til vedlegg 4 for skisser av kraftstasjon

Vegbygging

Langs søraustsida av Hjelmervika går eksisterande fylkesveg 34 til Skånevik. Fylkesvegen kryssar Akslandselva over ei bru om lag 100 meter frå utløpet til Skåneviksfjorden. Med unntak av eit lite område ved brua er ikkje Akslandselva synleg frå fylkesvegen.

Om lag 200 meter nordaust for Akslandselva går det i dag ein traktorveg opp til om lag kote 70. Denne skogsvegen har grunneigar av gnr. 143 bnr. 2 fått løyve til, på grunnlag av landbruksføremål, å oppruste og forlenge opp til kote 125, sjå vedlegg 5. Dette arbeidet er starta og skal etter grunneigar sin plan vere ferdig vinteren 2009/2010. Det er i forlenginga av denne skogsvegen ein har planlagt veg opp til inntaket på kote 340. Terrenget frå kote 125 og opp til kote 290 er bratt, men med god framkome og synes bra eigna for opparbeiding av veg. Frå om lag kote 290 til om lag kote 320, ei strekning på om lag 120 meter, må det sprengast ei hylle i fjellet for felles trasé for veg og vassveg. Hylla får ei breidde på anslagsvis 5,0 – 6,0 meter. Frå kote 320 og opp til inntak vert veg og vassveg lagt i same trase. Terrenget her er skrått, men med ganske god framkome. Den nye vegen blir ca. 1050 meter lang og får ei breidde på minimum 3,5 meter (vegklasse 7, tung traktorveg). Vegen blir permanent.



Bilete 5. Biletet viser permanent veg for tilkomst til kraftstasjon.

- Viser til vedlegg 1 for oversiktskart
- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)
- Viser til vedlegg 5 for løyve til opparbeiding av landbruksveg

Nettilknytning (kraftlinjer/kablar)

Straumen som vert produsert i kraftstasjonen vil verte ført i ein 95 mm² kabel som vert nedgraven i same grøft som røyrkata. Kabellengda vil vera om lag 150 m frå trafo i stasjonen og fram til eksisterande 22 kV linje. Den lokale områdekonsesjonæren er Skånevik Ølen Kraftlag, som også er medeigar i dette prosjektet. Det er god dialog med områdekonsesjonær om nettilknytning. Områdekonsesjonær seier det skal vera god kapasitet på linja, men har ikkje ferdigstilt arbeidet med å kartlegge det.

- Viser til vedlegg 2 for detaljkart (1:5000)

Massetak og deponi

Massar frå fjellgrøfter og inntak vil delvis verte brukt til overfylling av røyrgrøfta og etablering av veg til inntaket. Overskytande masse vil verte køyrd bort. Det vil ikkje verte behov for lokalt massetak. Eventuelle omfyllingsmassar vil verte tilkjørt.

Køyremønster, og drift av kraftverket

Kraftverket vil køyre utelukkande på tilsig frå nedbørsfeltet og vil verte styrt frå driftssentralen til Sunnhordland Kraftlag AS. Utbyggar vil søkje å legge forholda til rette for best mogleg forhold mellom både miljø og økonomi. Då det ikkje er mogleg å regulere kraftverket er det ikkje høve til å drive effektkøyning.

2.3 Kostnadsoverslag

Akslandselva Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	-
Overføringsanlegg	0,07
Inntak/dam	0,90
Driftsvassvegar	8,40
Kraftstasjon, bygg	1,50
Kraftstasjon, maskin og elektro	5,70
Kraftlinje	0,10
Transportanlegg	0,60
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,63
Uføresett	1,70
Planlegging/administrasjon.	0,90
Finansieringsutgifter og avrunding	0,90
Sum utbyggingskostnader	21,4

Figur 2. Kostnadsoverslag

Kostnadene er basert på NVE sitt "Kostnadsgrunnlag for små vannkraftanlegg" 2005, men er oppjustert med om lag 12 %.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

I tillegg til nasjonal kraftoppdekning, gjev kraftverket inntekter til grunneigarar, kommunen, staten og eigarane av kraftverket. Kraftverket vil bidra til å oppretthalde lokal busetjing og bruk av lokal arbeidskraft.

Ulemper

Utbyggingsplanane vurderast samla sett å gi middels negative konsekvensar for viktige førekomstar av biologisk mangfald. Redusert vassføring vil gi negative konsekvensar for hekkande fossefall og for lokaliteten som naturtype. Ei svært viktig naturbeitemark vil kunne bli negativt påverka av vegtraseen.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Beskriving	Anleggsfasen [m ²]	Permanent [m ²]
Trasé for overføring av bekkar med inntak	8000	1920
Dam med inntak	300	100
Inntaksbasseng	0	100
Trase for tilløpsrør	8500	2040
Jordkabel	0	0
Anleggsveg til inntak	9500	2850
Veg til stasjon	500	150
Totalt areal	26800	7160

Figur 3. Arealbruk

Eigedomsforhold

Grunneigarane er rettshavarar til både fallrettar og areal som er naudsynt for å byggje Akslandselva kraftverk. Akslandselva Kraftverk AS og grunneigarane har inngått ein avtale om eit samarbeid om utbygging og drift av Akslandselva kraftverk. Denne avtalen gjev og Akslandselva Kraftverk AS alle naudsynte rettar på grunneigar sin eigedom for å realisere ei utbygging.

- Viser til vedlegg 7 for grunneigaroversikt

2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar

Beskriving av status for tiltaket i forhold til:

Kommuneplan –

Dette området er eit LNF-område (Landbruk-Natur-Friluftsliv). Det er ikkje avsett til bustadføremål. Det må dermed søkjast unntak frå arealdelen i kommuneplanen for å realisere kraftverket.

Samla plan for vassdrag (SP) –

I februar 2005 vedtok Stortinget at Samla plan vart avvikla for prosjekt under 10 MW/50 GWh. Kraftverket det vert søkt om har ein installasjon under 10 MW og er dermed friteke for behandling i Samla Plan. Vassdraget Akslandselva er ikkje med i Samla plan (SP).

Verneplan for vassdrag –

Vassdraget er ikkje med i nokon verneplan for vassdrag, eller supplering av verneplan for vassdrag.


Nasjonale laksevassdrag –

Akslandselva er ikkje ein del av Nasjonale laksevassdrag.

Ev. andre planar eller beskytta område –

Det er ikkje andre kjente planar for området.

Inngrepsfrie naturområde (INON) –



Figur 4. Grønt område viser dagens inngrepsfrie sone 1-3 km frå næraste inngrep. Raudt område viser område <1 km frå næraste inngrep etter utbygging.

I området rundt det planlagde inntaket, og overføringa av bekken frå Lauvvikvatnet, er inngrepet i konflikt med INON sone 2. Prosjektet vil føre til ein reduksjon av INON sone 2 på om lag 2,0 km².

2.7 Alternative utbyggingsløyser

Omega IAT AS utførte i 2005 eit forprosjekt der ein greidde ut ulike alternativ for ei utbygging av Akslandselva. I søknaden som vert presentert her er ikkje alternativet med rørgate på Akslandssida av elva teke med. I ein meir grundig gjennomgang av terrenget fann ein at det ikkje var kostnadmessig forsvarleg å fortsetje med dette alternativet. Hovudalternativet er meir kostbart enn alternativ 2, men ein gjennomgang av noverdi for alternativa viser at det likevel er meir økonomisk. Inntaket har same plassering, og rørgata følgjer same trase, som i forprosjektet. Det er for begge alternativ som vert presentert i denne søknaden, ei overføring av vatn frå Lauvvikvatnet. Dette er naudsynt for å få eit kostnadseffektivt kraftverk. For alternativ 2 er ikkje overføringa frå Buhillersvatnet med. Miljøkonsekvensane ved å bygge ut hovudalternativet er sjølvstørre enn for

alternativ 2 i og med at meir urørt natur vert råka. I første omgang skjer dette gjennom framføring av røyrgata. Dette er eit inngrep som i stor grad vil bli skjult når skogen veks opp att. Den permanente verknaden vil vere mindre vassføring i bekken frå Buhillersvatnet. Det er likevel lite i miljørapporten som peikar i mot at dette inngrepet er spesielt alvorlig samanlikna med resten av utbygginga.

Straumproduksjonen av vatnet frå Buhillersvatnet er berekna til ca. 1,48 GWh.

3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

I vurderinga av konsekvensane av utbygginga er det vurdert eit større område enn det som er markert på kart. Mindre endringar av traséar vil dermed ikkje gje uføresette verknader med omsyn til dei ulike miljøtema.

3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

I dag er Akslandselva ei elv som ligg lite synleg i terrenget og har små og lite synlege fossar. Elva har dominerande haust- og vinterflaumar, der lågvassføring oftast inntreff om vinteren. Vassføringa i Akslandselva er berekna ut frå målingar frå eit nærliggande vassdrag, 42.2 Djupevad. Vassmerket Djupevad er lokalisert i Kvinnherad kommune om lag 12 km nord for Akslandselva. NVE har berekna 5 persentil sommarvassføring til 0,036 m³/s og 5 persentil vintervassføring til 0,024 m³/s. For eit år med normal avrenning vil det vera 63 dagar med overløp forbi inntaket og 17 dagar der tilløpet er mindre enn minste slukeevne for kraftverket. Det er lagt til grunn ei minstevassføring for kraftverket tilsvarande alminneleg lågvassføring, noko som utgjer om lag 0,026 m³/s for Akslandselva samla. Sleppet av minstevassføring deler seg med 0,017 m³/s frå Akslandselva, 0,005 m³/s i bekken frå Buhillersvatnet og 0,004 m³/s i bekken frå Lauvvikvatnet.

I figurane 5-7 er vassføringa i Akslandselva ved inntaket framstilt i eit tørt, eit normalt og eit vått år. Det er lagt inn kurver for naturleg vassføring og for restvassføring etter utbygging. Føresetnaden er at ein slepp minstevassføringa på 0,026 m³/s, eller heile tilsiget dersom dette er mindre enn denne minstevassføringa. Kraftverket vil elles verte drifta ved vassføringar større enn 0,047 m³/s.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Tiltaket inneber ikkje overføringar av vatn til eller frå andre vassdrag. Temperaturtilhøva i vatnet som renn i Akslandselva vert såleis ikkje endra. Eventuelle temperaturendringar nedstrøms inntaket vil difor skuldast redusert vassføring i elvestrekninga mellom inntak og utløp.

Verknader av tiltaket


Redusert vassføring vil kunne medføre noko meir is over eit lengre tidsrom, ved at det frys til tidlegare om vinteren enn før tiltaket vart sett i verk. Temperaturen om sommaren vil som følgje av tiltaket kunne verte litt høgare enn kva den var før tiltaket. På grunn av råker i isen kan det vera førekomst av lokal frostrøyk. Utover desse endringane i lokale istilhøve, som ein fylgje av endringar i vassføringa, er det ikkje grunn til å venta endringar i lokalklima.

3.3 Grunnvatn, flom og erosjon


Terrenget langs Akslandselva består av fjell i dagen og grunne parti med lausmassar. Elva er eit flomvassdrag og er tydeleg erosjonspåverka.

Verknader av tiltaket


Grunnvassstanden ved inntaksmagasinet vil i liten grad verte rørt ved. Det er fjellgrunn langs inntaksmagasinet og det vil vera små endringar i vasstanden. Det føreligg ikkje opplysningar om grunnvassbrønner i eller ved elvestrengen som kan verte påverka av tiltaket.



Figur 5. Vassføring tørt år



Figur 6. Vassføring middels år



Figur 7. Vassføring vått år

3.4 Biologisk mangfald

Dette og dei to neste kapitla er basert på fagrapport om biologisk mangfald utarbeidd av AMBIO Miljørådgivning AS.

- Viser til vedlegg 11 for rapport om biologisk mangfald

I influensområdet for utbygginga av Akslandselva er det førekomstar av biologisk mangfald som varierar frå triviell til stor verdi. Nedre del av vassdraget og tilgrensande areal framhevar seg med to viktige førekomstar av naturbeitemark (verdivurdering for begge er "Stor"). Her er det registrert raudlista beitemarkssoppar som slimjordtunge (EN), raud honningvokssopp (NT), vranglodnetunge (VU) samt det einaste funnet i landsdelen av stanknarrevokssopp (NT). Elva er definert som eit viktig bekkedrag, og i den nedre delen av elvestrengen er naturtypen bekkekløft representert (verdivurdering er "Middels"). Ved øvre del av Akslandselva er det ein noko eldre gråorskog med eit mangfaldig utval av planteartar (verdivurdering er "Liten").

Viltet i influensområdet vurderast som representativt for distriktet, men området huser likevel nokre raudlista spettar som kvitryggspett (NT) og gråspett (NT). Dette er artar som er fåtallige i denne delen av landet, men er likevel vidt utbreidd.

Noko sjøaure går opp i nedre delen av elva, men dette er ikkje ein eigen populasjon.

Det biologiske mangfaldet sett under eitt vurderast til å ha middels verdi.

Utbyggingsplanane vurderast til å gi middels negative konsekvensar for naturtypen viktige bekkedrag/bekkekløft. Redusert vassføring vil gi negative konsekvensar for hekkande fossefall, stasjonær aure og for lokaliteten som naturtype. Planane vil føre til at artsmangfald og førekomstar i nokon grad vert redusert og at vilkåra for vokster og overleving vert forringa for dette mangfaldet. Vidare vil viktige biologiske samanhengar kunne bli svekka, som for eksempel elvestrengen.

Når det gjeld konsekvensane for naturbeitemarka og dei raudlista artane her, seier miljørapporten at konsekvensane vil bli middels negative. Det leggst då til grunn at traktorvegen vil gå gjennom dei aktuelle markområda. For lokalitet 3 sitt vedkomande er traktorvegen gjennom marka alt bygd for fleire år sidan og treng berre ei enkel opprusting i samband med kraftverksutbygginga. For lokalitet 2 er utbyggar innstilt på å justere vegtraséen slik at denne ikkje vil røre ved lokaliteten. Dermed skulle konsekvensane for naturbeitemarka etter utbyggars vurdering vere ubetydelege.

Utbyggar kan ikkje sjå at anleggsfasen vil ha konsekvensar for biologisk mangfald ut over det som alt er omtala ovanfor på meir generelt grunnlag for utbygginga.

3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Akslandselva er eit flomvassdrag med grovt substrat og lite mogeleg for laksefisk å gyte i. Elva er tydeleg erosjonspåverka, og dette er truleg med på å gi dårlege livsvilkår for fisk. Anadrom strekning er målt til om lag 180 meter, noe som vurderast som svært avgrensa. Dei 30 siste metrane av anadrom strekning ligg innanfor den delen av elva som det planleggast å fråføre vatn.

El-fiske av to stasjonar ga ein fangst på fire aurar. Berre ein av desse kan med stor grad av visse vurderast til å vere klekka i elva. Gjennomsnittleg tettleik av aure blei rekna ut til 2,3 individ pr. 100 m². Dette er ein svært låg tettleik.

Akslandselva vurderast som lite eigna for anadrom laksefisk. Resultatet frå el-fisket viser så låge tettleiker at elva ikkje kan seiast å ha ein eigen populasjon av sjøaure. Det blei ikkje fanga laks i vassdraget. Som gyte- og oppvekstområde for anadrom laksefisk, må Akslandselva klassifiserast som uvesentleg.

Akslandselva huser elles gode førekomstar av stasjonær aure. Det er usikkert om bekkeaturen er ein sjølvrekrutterande stasjonær fisk og/eller om førekomsten er meir eller mindre avhengig av jamn tilførsel av fisk som slepp seg frå høgareliggjande delar av vassdraget.

Verknader av tiltaket for fisk og ferskvassbiologi:

Ei gjennomføring av utbygginga vil ikkje få målbare effektar for sjøaure. Det er ikkje behov for avbøtande tiltak i relasjon til denne arten. Når det gjeld bekkeare, vil den reduserte vassføringa i elva gi negative verknader for førekomsten av fisk i elva. På sikt kan den lokale aurestammen i råka elvestrekning bli kraftig redusert eller gå ut. Også leveområda for vassinsekt vil bli sterkt redusert. Slepp av minstevassføring vil kunne avbøte eller dempe negative verknader for vasslevande organismar.

- Viser til vedlegg 12 for notat om anadrom laksefisk

I høve til anleggsfasen vil den største utfordringa for utbyggar vere å unngå forureining av vassdraget, først og fremst med tanke på blakking av vatnet med jord eller humus. Utslepp av drivstoff er også ein trussel. For å hindre dette vil utbyggar stille strenge krav til utførande entreprenørar.

3.6 Flora og fauna

Vegetasjon og flora

Med sitt omfang og vekslende topografi omfattar tiltaksområdet eit mangfald av vegetasjonstypar og planteartar. Innanfor området er det også store lokale forskjellar i vegetasjonsbiletet. Vegetasjonen i tiltaksområdet er prega av artar og vegetasjonstypar som er knytt til skog. Skogvegetasjon omfattar både lukka skog, lysopen skog og areal med spreidd tredekning. I nedre del av tiltaksområdet er det eit anna vegetasjonsbiletet knytt til kultiverte areal. Dette omfattar både dyrka mark, innmarksbeite og ugjødsel eng. Spesiell type vegetasjon er knytt til fuktvegger. Slike vegger finnast både langs Akslandselva og i dei meir høgareliggjande areal i dalen. Eit typisk trekk med denne vegetasjonen er at den er dominert av mosar og lav. I elvestrengen er det eit eige vegetasjonsregime med mosar som er meir eller mindre avhengig av overstrøyming av vatn.

Fauna

Tiltaksområdet huser fleire vanlege pattedyrartar i denne delen av landet. Artar med stabil bestand i og ved Akslandsdalen er hjort, rådyr, hare, raudrev, mår, mink, ekorn, samt fleire smågnagarar. Utover hjortedyr føreligg det meir avgrensa med opplysningar om andre pattedyr i tiltaksområdet.

Store topografiske variasjonar, eit samansett skogbilette og generelt næringsrik vegetasjon danner grunnlag for ein rik sporvefuglfauna i tiltaksområdet. Ved sida av sporvefuglar, husar tiltaksområdet også fleire spetteartar. Rovfuglar nyttar området til å skaffa mat. I tiltaksområdet finst også kattugle. Det er få eigna stader for hekkande andefugl og vadarar i Akslandsdalen, så desse fuglegruppene er knapt representerte i området. Fossefall finst som hekkfugl i Akslandselva. Det er noko usikkert kor mange par som hekkar her, men det er antatt at to par har territorium ved elva. Relativt bra førekomst av spettar i tiltaksområdet vitnar om ein del innslag av gammal skog. Det er ikkje registrert hekkande rovfuglar i tiltaksområdet. Orrfugl spelar fast på høgareliggjande areal like over og nord for Akslandsjuvet. Det er sannsynleg at arten kan inngå som hekkfugl i dei høgareliggjande områda av Akslandsdalen.

Verknader for flora og fauna som følgje av tiltaket

Utbyggingsplanane vurderast samla sett å gi liten negativ konsekvens for hekkande fossefall og for området som leveområde for hjort.

Slepp av minstevassføring vil kunne avbøte/dempe negative verknader for fossefallet.

I anleggsfasen er det sannsynleg at hjorten vil trekke vekk frå området pga. den uro som anleggsverksemda vil skape. Etter at anlegget er ferdigstilt, er utbyggar trygg på at hjorten vil vende tilbake til området igjen. Når det gjeld fossefall, er det ein liten risiko at for at hekkinga kan bli forstyrra, men utbyggar trur ikkje at faren for dette er stor.

3.7 Landskap

Den delen av Akslandselva og landskapet ikring som blir rørt ved, er representativt for denne landskapsregionen. Det er ikkje markant synlege fossefall i utbyggingsområdet. I anleggsfasen vil det verte ein del sår i terrenget som vil gro til over tid. Avbøtande tiltak, som delvis tilplanting og minstevassføring, vil medføre at dei landskapsmessige konsekvensane vert redusert. Inntak og inntaksdam vil verte skjerma etter beste evne, samt at synlege store betongflater vil verte kledd med stein for å falle betre inn i omgivnadane. Tilløpsrøyret vil verte grave ned. Det er mogleg at deler av tilløpsrøyr frå Buhillersvatnet (gjeld berre hovudalternativ) vil måtte liggje synleg og verte forankra til fjell på grunn av bratt ned- og oppstigning frå elveleiet. Sjølv kraftstasjonen vil ha ei utforming som høver for denne landsdelen, gjerne då utforma som vestlandsnaust. I følge INON databasen (www.dirnat.no) ligg dei øvste delane av Akslandselva, der inntak er tenkt plassert, ca. 200 meter innanfor det som er definert som "inngrepsfri natur 1-3 km frå inngrep". Ved gjennomføring av prosjektet vil det medføre ein reduksjon av dette arealet berekna til ca. 2,0 km².

3.8 Kulturminne

Det føreligg ikkje opplysningar om automatiske freda kulturminne som kan koma i konflikt med tiltaket.

3.9 Landbruk

I influensområdet vert arealet brukt til vår-, sommar- og haustbeite for sau. Ikkje noko av arealet vert brukt til innhausting av fôr. I sjølv anleggsfasen vil noko av dette arealet verte beslaglagt, men på sikt

vil ikkje plassering av inntak, røyrgate, veg, kraftstasjon og kraftlinje medføre vesentleg arealbeslag. Den reduserte vassføringa i Akslandselva vil ikkje skape problem for husdyr med tanke på drikkevatn.

3.10 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Tiltaket inneber ikkje overføring av vatn til eller frå andre vassdrag. Husdyr på beite er den einaste forureiningskjelda i dette området, og det vil i anleggsperioden verte gjort tiltak for å hindre forureining frå tiltaket. Det er dermed nærliggjande å tru at den primære vasskvaliteten difor ikkje vert påverka av tiltaket.

3.11 Brukarinteresser

Akslandselva er ikkje brukt som utfartsområde for turgåarar/turistar, det er ikkje noko merka turstiar i området og elva er ikkje synleg frå fylkesvegen. Det er ikkje rasteplassar eller utkikkspunkt i nærleiken som vil kome i konflikt med ei eventuell utbygging. Jaktområde for hjort vil venteleg ikkje verte rørt ved av ei eventuell utbygging. Som fiskeområde, i den grad elva er vorte nytta til det, vert det venta at dette opphøyrar som følgje av tiltaket. Avbøtande tiltak vil kunne dempa konsekvensar av tiltaket.

3.12 Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området.

3.13 Reindrift

Det er ingen reindrift i området.

3.14 Samfunnsmessige verknader

Ei investering i anlegget Akslandselva kraftverk, med ei kostnadsramme på 21,4 millionar, vil naturleg nok føre til ringverknader i samband med auke i sal av varer og tenester i prosjektområdet og i kommunen generelt.

Det viktigaste aspektet her vil vere at dei lokale grunneigarane vil få fallrettsleige frå prosjektet, og med den dårlige lønsemda i dagens landbruk, og mangel på nyetablering i distrikts-Noreg, vil denne forma for næringsutvikling kunne stimulere til større optimisme i området.

3.15 Konsekvensar av kraftlinjer

Inngrepet i samband med tilkopling til eksisterande nett vil vera små og utan nemneverdig konsekvens.

3.16 Konsekvensar ved brøt på dam og trykkrøyr

Bortsett frå skadar på eigen kraftstasjonsbygning og anleggsvegar som går til inntak vil det venteleg ikkje vera andre konsekvensar. Det er difor føreslege at både dam og trykkrøyr vil verte klassifisert i kategori 0.

- Viser til vedlegg 13 for skjema for klassifisering av dammar og trykkrøyr

3.17 Konsekvensar av eventuelle alternative løysningar for utbygging

Det vert søkt om utbygging etter to alternativ. Skilnaden mellom dei to omsøkte alternativa er ei overføring av Buhillersvatnet. På planstadiet har det vore sett på andre alternativ til utbygging, som nemnd i pkt. 2.7.

4 Avbøtande tiltak

Vassføring

Det planleggast ei minstevassføring på 17 l/s frå demninga i Akslandselva, 5 l/s frå inntaket i bekken frå Buhillersvatnet og 4 l/s frå inntaket i bekken frå Lauvvikvatnet, totalt 26 l/s.

Ei minstevassføring på 26 l/s, eller tilsvarende naturleg tilsig dersom dette vert lågare enn 26 l/s, heile året vil kunne redusere det negative inntrykket av ei tørrlagt elv. I tillegg vil minstevassføringa vere med på å oppretthalde gode tilhøve for både fisk og fossefall i elva. I vår- og haustsesongen vil det i eit middels år vere mykje vatn som går i overløpet. I tillegg til sleppet av minstevassføring kjem tilsig frå restfeltet nedstraums inntaket. NVE har berekna eit middelavlaup på rundt 64 l/s frå dette feltet.



Bilete 6. Vassføring ved stasjonsplassering i februar 2007

Av omsyn til eventuell anadrom fisk som nyttar Akslandselva nedanfor kraftstasjonen vil ein vurdere å installere omløpsventil i stasjonen. Dette vil hindre at elva brått vert tørrlagt ved ein eventuell driftsstans.



Bilete 7. Vassføring ved stasjonsplassering i juli 2007

Kraftverk, inntak og utløp

Inntaksarrangement skal sikrast med rist av omsyn til både tryggleik og for å unngå at det kjem større uønska objekt inn i røyrkata. Det vil og verte lagt vekt på den estetiske utforminga av dammen, slik at denne ikkje står fram som eit "sår" i terrenget. Kraftstasjonen vil verte liggande ca. 150 meter frå utløpet til Akslandselva. Det vil verte lagt vekt på at stasjonen skal ha ei arkitektonisk tilpassing til omgjevnadene og eit bevisst farge- og materialval.

Vegar og røyrgater

Det er planlagd ein ny tilkomstveg til kraftstasjonen som vil verte rekna som ein permanent veg med fast dekke. Dei andre vegane er tenkte som anleggsvegar/traktorvegar.

Så langt som mogleg vert det anbefala at vegar vert lagt slik i terrenget at ein unngår store skjeringar og fyllingar som vil virke skjemmande i terrenget. Dette kan ein unngå ved at ein tilpassar vegen etter terrengformasjonane.

Røyrkata er tenkt nedgraven så langt dette er mogleg. Sjølv traséen vil ha ei så smal utforming som praktisk mogleg.

Elles er utbyggar i detaljplanfasen innstilt på å justere traséen for anleggsvegen slik at denne ikkje rører ved naturbeitemarka (lokalitet 2 i miljørapporten). Dette må skje etter at lokalitetens nøyaktige plassering i terrenget er klarlagt. Det same gjeld i høve til gråorskogen i lokalitet 4, sjølv om det av topografiske forhold kan vere vanskelegare å få dette til her.

5 Referansar og grunnlagsdata

www.fonnakart.no – Kartgrunnlag

www.statkart.no – Arealis kartdatabase

www.nve.no – NVE atlas

www.dirnat.no - DN 2003. Inngrepsfrie naturområder i Noreg

Skånevik Ølen Kraftlag BA – Info om linjekapasitet og utnytting

NVEs kostnadsdatabase – Kostnadsgrunnlag for små vannkraftanlegg (< 10 000 kW) 2005

Høvik, J 1983. Samla plan for vassdrag. Vassdragsrapport Etne.

Munnlege kjelder

Haldor Ebne – Om utbygging i Ebneelva

Alf-Werner Hjelmervik – Informasjon om veg og røyrtrasé, samt eigarforhold i nærliggjande elvar.


6 Vedleggsoversikt til søknaden

1. Oversiktskart
2. Detaljkart 1:5000
3. Varighetskurver
 - Sommar
 - Vinter
 - År
4. Teikningar av stasjon
 - Fasadar
 - Plan
5. Løyve til opparbeiding av skogsveg frå Etne kommune
6. Kapasitet på nett – Minikraft Aksland
7. Grunneigaroversikt
8. Kart over inngrep i INON-sone
9. Bilete frå influensområdet
10. Hydrologirapport, utarbeidd av NVE
11. Rapport biologisk mangfald, utarbeidd av AMBIO Miljørådgivning AS
12. Notat om anadrom laksefisk i Akslandselva


Følgjande skjema følgjer søknaden som sjølvstendige dokument:

- Klassifisering av dammar og trykkrøyr
- Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold

Vedlegg 1 - Oversiktskart



Vedlegg 2 – Detaljkart 1:5000




Vedlegg 3 - Varighetskurver

- Sommar
- Vinter
- År


Varighetskurve for sommersesongen (1/5 - 30/9)

Kurven er basert på skalerte data fra målestasjonen Djupevad. Ved bruk av kurven må middelverdien for sesongen benyttes.




Varighetskurve for vintersesongen (1/10 - 30/4)

Kurven er basert på skalerte data fra målestasjonen Djupevad. Ved bruk av kurven må
middelverdien for sesongen benyttes.








Varighetskurve for hele året

Kurven er basert på skalerte data fra målestasjonen Djupevad.



Vedlegg 4 - Teikningar av kraftstasjon

- Fasadar
- Plan



Dato	23.05.07	Konstr.: KH	Trosset	Målestokk		
Kontroll		Godkjent		1:150		
Sunnhordland Kraftlag AS.					Erstatning for:	Erstatning av:
Akslandselva kraftverk					A-001	
Fasader og Plan					Dok-kode:	
Henviining:					Beregning:	

Vedlegg 5 - Løyve for opparbeiding av skogsveg



ETNE KOMMUNE

BYGDEUTVIKLING

Alf Werner Hjelmervik
Gjelmarvik
5593 SKÅNEVIK

Vår ref: AB/97/4033/970000830

Dykkar ref:

Dato: 13.11.97

Utval:
Delegert frå komite Natur

vedtaksdato:
13.11.97.

Saksnr:

Avslag:

lov:

AD.SØKNAD OM BYGING AV LANDBRUKSVEG ALF W.HJELMERVIK

Kva saka gjeld:

Saka gjeld omsøkte skogsvegar i Gjelmarvik i Skånevik på gnr. 143/1,2. Sjå vedlegg nr. 1 «Søknad om bygging av landbruksveg» og kart i vedlegg nr. 2. UTM-koordinater: 241-242. Kartblad: 1214 Etne, målestokk 1 : 50.000.

Søkjaren er Alf Werner Hjelmervik.

Det har vore ei synfaring i området der grunneigaren var til stades saman med skog- og utmarkskonsulenten i Etne. Saka vart deretter sendt til høyring til miljøvernleiar Erik Kvalheim og fylkeskonservator Gerd Bolstad (sjå vedlegg nr. 3). Uttale frå miljøvernleiar vart gjeve muntleg over telefon.

Vurdering:

Veg nr. 1:

Jordbruksinteressene i vegen er 100 % og vegen dekker i alt 8 dekar innmark. Planlagt veglengde er på 350 meter og forventa byggjekostnad er kr. 10.000. Transportgevinsten for jordbruket er anslått til kr. 5.000. Steingarden ved starten av vegen må åpnast

Veg nr. 2:

Skogbruksinteressene i vegen er anslått til 70 % og beiteinteressene er anslått til 30 %. Vegen dekker eit produktivt skogareal på ca 80 dekar og anslått mengde hogsmoden skog er ca. 400 m³. Planlagt veglengde er 200 meter og forventa byggjekostnad er kr. 6.000. Transportgevinsten for skogbruket er anslått til kr. 3.000

KONKLUSJON

Etter våre utrekningar er det økonomisk forsvarleg å bygge både veg nr. 1 og veg nr. 2. Vegane kjem i liten grad i konflikt med andre interesser, men ein bør gjere åpning av steingarden så skånsomt som mogeleg.


Heimel for vedtaket:

Vedtaket er hjemla i § 17 a i lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern (skogbruksloven) og §§ 3 og 11 i lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 (jordlova) og Lov om kulturminne, § 8, 2. ledd.

Vedtak:

Etne kommune stettar søknaden frå Alf Werner Hjelmervik om å bygge dei to omsøkte landbruksvegane i Gjelmervik. Inngrepet bør utførast så skånsomt som mogeleg. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med grunnarbeidet, må arbeidet stansa og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden.

Med helsing


Annbjørg Bue
Skog- og utmarkskonsulent

Vedlegg nr. 1: Søknad om bygging av landbruksveg

- « 2: Kart i målestokk 1:50.000
- « 3: Uttale frå Fylkeskonservator

Kopi til: Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga
Milkøvernleiar i Etne kommune, Erik Kvalheim

**Vedlegg 6 - Skriv til Alf Werner Hjelmervik frå
Skånevik Ølen Kraftlag om kapasitet og kostnader
for innmating på nett**

Alf Werner Hjelmervik
Hjelmervik

5593 SKÅNEVIK

gh

21.04.2005

Vedr. MINIKRAFT AKSLAND

Viser til vårt samarbeid ved. planar om utbygging av minikraft i Akslandselva, Aksland i Etne Kommune.

På grunnlag av utkast til forventa installert effekt på 1,5 MW og ein produksjon på ca. 8 GWh, vil Skånevik Ølen Kraftlag kunne mate dette inn på eksisterande høgspeintlinje i området.

Ettersom planane endå er under arbeid, vil ein ikkje kunne legge fram eksakt kostnad for framføring av effekten, men legg opp til eit førebels utkast til løysning og kostnad.

Når det gjeld produksjonsspenning, vel ein å gå ut fra at det i dette tilfellet vert nytta 400 volt eller 690 volt. Vidare ser me på ein frittståande nettstasjon med transformering opp til 22 kV høgspeint. Fra nettstasjonen vidare opp til høgspeintlinja med jordkabel og brytar i mast. Alternativ kan ein legge opp til å byggje trafo inn i produksjonsbygning, men av erfaring ser me ofte at prefabrikkerte frittståande stasjonar ofte blir det enklaste og den mest rimeleg løysning. Med tanke på ansvar, drift og konsesjon ser me det som den mest tenlege løysninga også for SØK.

For framføring av høgspeint vil det være nødvendig med ca. 160 – 180 meter grøft med kabel.

Oppsummert kan kostnad setjast opp som følgjande:

Trafo type Møre 0,4 el. 0,69 / 22kV olje isolert 1600 KVA:	kr. 120.000,-
Frittståande nettstasjon Møre Maxi m/ekstra ventilasjon, koplingsanlegg KE:	kr. 100.000,-
Eventuelt effektbrytar på lågspeintsida:	kr. 30.000,-
Framføring av kabel, kr. 550,- pr. meter – 180 meter:	kr. 100.000,-
Ny brytar i høgspeintmast:	<u>kr. 30.000,-</u>
Samla kostnad for komplett anlegg:	<u>kr. 380.000,-</u>

